

## Notat etter kartforretning 14 – 30 fredag 06.05.22

Kartforretninga var rekvirert av Åge Riisnes for å få fastslått grensene for nausttomt 14 – 30.

### Desse møtte:

**Grunneigarar:** Ivar Duesund, Odd Midtbø, Hans Matre, Arne Riisnes.

Forfall: Turid Rekve, Jetmund Høsteland

Ikkje møtt: Rolf Tenjum, Anne Margrethe Wergeland

**Rekvirent:** Åge Riisnes

**Masfjorden Kommune:** Kjersti Furnes Soltvedt

Med utgangspunkt i utskiftningsprotokollen av 1864 og skylddelingsforretning av 1964 samt påvising av kross i stein i nordvestrehjørnet av tomta og kross i stein ved sørvestre hjørne av naust, kunne ein fastslå ei mogleg linje på nordsida av naustet.

Det vart målt ut 6.34 m ved austre gavl frå kross i stein i nordvest, men stein med vitne i nordaust vart ikkje funnen og linja/ punktet her er dermed usikkert.

Det vart ikkje oppnådd semje om linjer og mål. I grensene mellom nausta vil grunneigarlaget hevde at midtlinja (avstanden mellom nausttomtar delt på midten) må vere den rette og mest rettvisе sidan det er uråd å finne punkt rundt heile tomta. Rekvirent er av anna oppfatning. Det er også ei utfordring at grensesteinen i sørvestre hjørnet av tomta er flytta på.

Det er følgjeleg slik at retninga på naustet betyr noko og ein må her leggje til grunn at parallellar som er nedskrivne i skylddelinga er å forstå som rette linjer med rett vinkel (90 grader) ved kross i stein ved nordvestre hjørnet av tomta. Ein legg vidare til grunn at breidda på naustet kan vere inntil 6.34 m. og at det gjeld heile lengda av tomta til ut i sjø.

Oppmålingsingeniøren foreslo at ein vedtok ei midlertidig ordning der ho sette inn punkt for grunneigarsynspunkta og rekvirentens syn og at partane kjem tilbake til dette i nytt møte om ca 14 dagar. Det vart semje om dette.

Hosteland. 09.05.22

Arne Riisnes, ref. (s)